



Knut Willie Jacobsen

Garvik

5912 SEIM

Referanser:

Dykker:

Vår: 19/2279 - 19/35250

Saksbehandlar:

Knut Bjørnevoll

knut.bjornevoll@lindas.kommune.no

Dato:

18.12.2019

Løyve til utviding av flytebrygge - gbnr 123/59 Risa

Administrativt vedtak. Saknr: 688/19

Tiltakshavar: Lindås Båtforening

Ansvarleg søker: Knut Willie Jacobsen

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova
(tbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om utviding av eksisterande flytebrygge med 20 meter lengde og utliggarar på begge sider.

Det vert vist til søknad motteken 30.08.2019 og supplert seinast 16.12.2019.

Forlenga sakshandsamingsfrist

Sakshandsamingsfristen er i utgangspunktet 12 veker. Tiltaket må ha løyve etter hamnelova før kommunen kan gje igangsettelsøyve eller løyve i eitt trinn etter Plan- og bygningslova (PBL). Kommunen varsla om at sakshandsamingsfristen vert forlenga med den tida det tar til Bergen og omland farvannsforvaltning å gjera sitt vedtak. Søknaden var komplett og klar for handsaming den 16.12.2019.

Planstatus

Flytebrygga ligg på uregulert sjøareal innafor kommunedelplan for Lindåsosane med Lurefjorden og Lygra. Arealføremålet er småbåthamn.

Dispensasjon

Tiltaket er i samsvar med planføremålet, men det krev dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsona.

Det er søkt om dispensasjon med slik grunngjeving:

Lindås Båtforening er en stor forening - som ivaretar

interessen for sjø – og båtlivet til områdets innbyggere.

Behovet for å ha båt i flytebrygge er sterkt økende,

og det er derfor et stort ønske om å få kunne forlenge

eksisterende flytebrygge med 20 m.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Vestland, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012. Fylkesmannen i Vestland får vedtaket til klagevurdering.

Anna lovverk

Bergen og omland farvannsforvaltning IKS har i vedtak datert 28.11.2019 godkjent utvidinga etter Lov om havner og farvann.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Utvidinga får ikkje noko å seia for tilflott til naboeigedommar.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan mottatt 30.08.2019.

Tilkomst, avkøyrslle og parkering

Ingen endringar.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og utførast i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispenseset frå ikkje verte vesentleg sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må ligge innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulempar dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Omsynet bak forbod mot tiltak i strandsona er å gje strandsona eit særskilt vern og halde den fri for tiltak for å sikre ålmenta sine interesser, spesielt ferdsle og friluftsinteresser, landskapsomsyn og verneinteresser.

Desse omsyna vil, i varierande grad, og gjerde seg gjeldande på ein bygd eigedom. Til dømes vil landskapsomsyn, her landskapsetetikk, tilseie at fysiske inngrep og/eller anlegg i strandlina lyt avgrensast.

Omsynet bak kravet i kommuneplanen, om utarbeiding av reguleringsplan i byggeområde, er å sikra forsvarleg planavklaring og gjennomføring av bygge- og anleggstiltak, fleir bruk og vern i forhold til berørte private og offentlege interesser.

Arealet er ikkje med i opplistinga i kommunedelplanen av område der plankravet er absolutt.

For omsøkte tiltak fører ikkje den beskjedne utvidinga til vesentlege negative konsekvensar på eit sjøområde som alt er i bruk som trafikkområde til og frå eksisterande småbåtanlegg. Anlegget har gode trafikk- og parkeringsforhold. Utvidinga er moderat og medfører ingen endringar. Kommunen finn på dette grunnlag at vilkåra for dispensasjon i pbl § 19-2 er oppfylte. Søknad om dispensasjon vert godkjent.

I vurderinga av fordelar og ulempar har kommunen særleg lagt vekt på at tiltaket er ei mindre utviding av eksisterande anlegg innafor areal sett av til føremålet, og at anlegget er eit fellesanlegg for mange brukarar.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Privatrettslege tilhøve

Avtale med Lindås kommune frå 1987 gjeld for arealet som Lindås Båtforening disponerer.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen.

Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå pbl § 1-8 (forbod mot tiltak i strandsona), for forlenging av flytebrygge på følgjande vilkår:

- Dispensasjonen omfattar utviding av flytebrygge med 20 m lengde med utliggarar på begge sider.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løye i eitt trinn for utviding av eksisterande flytebrygge på følgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteken 30.08.2018, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvært. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/2279

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Knut Willie Jacobsen	Garvik	5912	SEIM
Lindås Båtforening	c/o Olav Magnus	5955	LINDÅS
	Steinsland		
	Grønfjellet 3		
Lindås Båtforening	c/o Olav Magnus	5955	LINDÅS
	Steinsland		

Kopi til:

Grønfjellet 3

Mottakarar:

Knut Willie Jacobsen

Garvik

5912

SEIM